
Saksnr: 2023/64174-1
Saksbehandlar: Simen Lagesen Krogstie

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		20.09.2023

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - tildeling 2023

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 4 245 000 kroner fordelt slik

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Alver kommune	Den kulturelle spaserstokken i Alver kommune.	181323
2	Askvoll kommune	Kulturell variasjon	52608
3	Askøy kommune	DKSS Pilotprosjekt Kultur på hjul, besøksdyr og bygdekinofremvisning.	148889
4	Aurland kommune	Skattekista, musikkstova og eldredagen.	55330
5	Austevoll kommune	Felles seniortur med buss til teaterforestilling i Bergen, konserter på PO-senteret, forfatterbesøk på biblioteket	43297
6	Austrheim kommune	Kultur og kunst til eldre - Kultur i heimen - Kultur og trivsel - Kultur til alle	42607
7	Bergen kommune	Bergens kulturelle spaserstokk	1231508
8	Bjørnafjorden kommune	Kunst- og kulturoppleving for eldre.	146757
9	Bremanger kommune	Konsertturneer, revy/teater/forfatterbesøk, Husker du?	53005
10	Bømlo kommune	Seniorkino, tilbud til sjukeheimane, helsetema på biblioteket, "I manns minne"	70 000
11	Eidfjord kommune	Konsertprogram Bygdaheimen	51926
12	Etne kommune	Arrangement støtta av Den kulturelle spaserstokken.	51672
13	Fedje kommune		12163

		Frisk luft og god musikk.	
14	Fjaler	1. musikkterapi /konsertar på sjukheimen 2. Arrangement i regi av Fjaler pensjonistlag 3. Arr. i regi av ulike lag/organisasjonar	37862
15	Gloppen kommune	Song og musikkglede for eldre, musikkterapi	75193
16	Gulen kommune	Musikk og kulturformidling.	40718
17	Hyllestad kommune	Kvalitetsfulle kulturtilbod for eldre	36760
18	Høyanger kommune	Kultur for alle	57010
19	Kinn kommune	Kultur er glede	114206
20	Kvam kommune	Varierte kulturtilbod for eldre i Kvam herad	73276
21	Kvinnherad kommune	Konsertar og framføringar	100000
22	Luster kommune	Gode kunst- og kulturprogram for eldre lokalt.	81788
23	Lærdal kommune	Kultur for eldre.	40 000
24	Masfjorden kommune	Møte med kultur.	46661
25	Osterøy kommune	Gylne kulturopplevingar!	60435
26	Samnanger kommune	1) Syng med oss. 2) Kultur på institusjon. 3)Kultur for heimebuande.	46605
27	Sogndal kommune	Den kulturelle spaserstokken i Sogndal kommune	96198
28	Solund kommune	Kulturopplevingar	33439
29	Stad kommune	Kultur til eldre - der dei er.	87637
30	Stord kommune	Den kulturelle spaserstokken i Stord kommune	114150
31	Stryn kommune	Konsertar, historiefortelling/kultursamlingar og kulturkafe	74434
32	Sunnfjord kommune	Kulturformidling	138216
33	Sveio kommune	1 1 Sveio senioruniversitet 2 Sveio omsorgssenter 3 Ryvarden kulturfy 4 Sveio folkebibliotek	40000
34	Tysnes kommune	Konsertar og framsyningar i Storstova - Tysnes omsorgssenter inkl. musikkterapi	43239
35	Ullensvang	Tiltaka me satsar på er Musikkoppleving i livets haust, støtte i fysisk aktivitet og naturopplevingar, støtte til teateroppleving under Litteratursymposiet, støtte til kulturminneformidling frå musea.	119696
36	Ulvik Herad	Konsertar/litteraturformidling/framsyningar	35737
37	Vaksdal kommune	Kultur i kvardagen	55403

38	Vik kommune	Eldrefest, markering av eldredagen, musikkarrangement og kulturformidling	4707
39	Voss herad	Bygd for alle.	167804
40	Øygarden kommune	Vi går på konsert / forestilling.	191732
41	Årdal kommune	Den kulturelle spaserstokken i Årdal 2023.	54022

Løyvingane vert dekte innanfor vedteke budsjett for 2022 frå post 430 200, tilskot Den kulturelle spaserstokken.

Samandrag

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei tilskotsordning der målet er å leggje til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre. Frå 2014 har fylkeskommunane hatt ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg inne i rammetilskotet, og skal tildelast kommunane etter søknad. For 2023 vert 4 245 000 kroner fordelte til kommunane.

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søknadar for grunngjeving av vedtaket.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Øyvind Sunde Høstaker
seksjonssjef kulturformidling
Kultur og folkehelse (KFO)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 DKSS framlegg tildeling 2023
- 2 Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - om innkomne søknadar 2023. Uttale frå fylkeseldrerådet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) skal leggje til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling til eldre i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg innbaka i rammetilskotet, og det er kommunane som kan søkje tilskot frå ordninga. Kommunane vel sjølve korleis dei vil organisere arbeidet med Den kulturelle spaserstokken, men tilskotet skal nyttast til kunst- og kulturformidling av høg kvalitet og vere tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv.

Føremål med ordninga

Den kulturelle spaserstokken skal syte for profesjonell kunst og kultur til personar over 67 år i fylket.

Generelt:	
Budsjett 2023:	Sum 4 245 000 kr
430 200 – Den kulturelle spaserstokken	
Søknadsfrist 2023:	01.06.2023
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Dato 03.04.2020 PS 40/2020
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på fylkeskommunen si nettside, i e-post til kommunane, orientering i dialogmøte med kommunane og fylkeseldrerådet 24.03.2023
Vår 2023	
Tal på søknadar:	41
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	41
Samla søknadssum:	Sum 6 642 990 kr
Samla løyving:	Sum 4 245 000 kr
Avsett til eventuell klagehandsaming (på fond frå 2022)	Sum 201 000 kr

Avdelingsdirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga:

Tilskot frå Den kulturelle spaserstokken 2023 vart utlyst med frist 1. juni i år. Det kom 41 søknadar om tilskot frå ordninga. Kommunane Modalen og Fitjar har ikkje søkt. Vik kommune har sendt inn søknad etter fristen.

Ordninga har vore kunngjort på fylkeskommunen sine nettsider og i e-post og annan kommunikasjon til kommunane. 29. mars vart det sendt ut e-post til kommunane om at digitalt søknadsskjema var opna.

I dei to siste åra har fleire kommunar søkt lågare sum enn dei kunne bli tildelt ved kvantitativ utreking. Fylkeskommunen sende difor ut ei orientering om kvantitativ tildeling 16. mai i 2023. Ingen kommunar søkte mindre enn dei kunne fått tildelt kvantitativt. Vi har såleis nådd ut med informasjonen. Dette er ei betring frå i fjor.

Samla søknadssum i 2023 er på 6 642 990 kroner og viser ein oppgang på ca. 16 % samanlikna med søknadssummen i 2022. Søknadssum varierer frå 14 000 til 1 600 000 kroner mellom kommunane.

Vik kommune tok kontakt etter søknadsfrist for å høyre om det var høve til å sende inn søknad sjølv om fristen var ute. Kommunen har i ettertid sendt inn søknad og har forklart kvifor søknaden kom for seint. Avdelingsdirektør legg til grunn at dei bør få vere med i tildelinga. Det har kome inn tre søknadar som ikkje er frå kommunane. Desse tre er: Stadlandet pensjonistlag, Meland Mållag og Voss senioruniversitet. Det er berre kommunane som kan søkje på ordninga. Desse tre vert viste til å søkje samarbeid med kommunen.

I 2022 vart det av den totale summen for tildeling er det sett av ca. 2%, 201 000 kroner, til eventuell klagehandsaming. Denne summen vart ikkje nytta, og vert overført til eventuelle klagar i 2023.

26. april 2023 vart det i hovudutvalet for kultur og folkehelse fatta vedtak om at ordninga DKSS skal evaluerast (sak PS 38/2023). Det skal settast i gang eit arbeid med å vidareutvikle ordninga med DKSS som et verktøy i eldrepolitikken i Vestland.

23. mars 2023 arrangerte fylkeskommunen dialogmøte med kommunane og fylkeseldrerådet. Agendaen var styrking og vidareutvikling av ordninga, og aktuelle saker frå kommunane. Saker som gjekk igjen frå fleire kommunar var om kulturskulane kan nyttast som tilbod i DKSS. Tilskot skal ikkje gå til eksisterande tiltak som allereie er finansiert av kommunane. Tilskot må difor gå til nye prosjekt som involverer kulturskulen, og som medfører ekstraordinære kostnader.

Transport til arrangement har vore tema i dialogmøte og spørsmål frå kommunane. Fylkeskommunen si haldning har vore at utgifter til transport dette ikkje kjem direkte inn under omgrepet profesjonell kunst- og kulturformidling, og at dette dermed ikkje kan dekkast av DKSS-midlane. Vurderinga har samanheng med at det er avgrensa midlar tilgjengeleg. Avdelingsdirektør meiner difor det er rett å prioritere å dekkje honorar, eventuelle kostnader med lyd og lys, vederlag til Tono etc. innanfor DKSS-ordninga. Transport for eldre er eit tema i regional plan for kultur: «Skal kulturlivet blomstre i heile fylket, må transport og kommunikasjon bli betre varetatt. Ikkje minst må eit godt transporttilbod tilpassast barn og unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, for å sikre deira rett til deltaking i fritidsaktivitetar» (Kultur bygger samfunn, s. 15, 2023). Fylkeskommunen erkjenner at dette er ei utfordring i kommunane, og det må vere eit mål i seg sjølv å etablere eit godt transport-tilbod for eldre, særleg når reforma «bu trygt heime» vert presentert hausten 2023.

Vidare har nokre kommunar gode miljøtiltak som er aktivitetar for bebuarar ved helseinstitusjonar, slik som matopplevingar, matproduksjon og terapihund. Dette er gode aktivitetar, men som ikkje kjem inn under kriteria for DKSS. Tildelte midlar må i heilskap gå til profesjonell kunst- og kulturformidling.

Positive trendar i årets søknader er fleire kommunar skriv om korleis DKSS vert forankra i kommunen, og korleis dei byggjer infrastruktur kring ordninga, slik som samarbeid mellom kultur, helse og frivilligheit. Nokre kommunar skildrar korleis dei nyttar DKSS som verkemiddel knytt opp mot den eksisterande kvalitetsreforma innan helse, og den kommande «Bu trygt heime»-reforma.

Det har kome fram spørsmål om fordelingsnøkkelen for tilskot og kva rolle geografisk storleik på ein kommune har å seie for tildelingssummen. Avdelingsdirektør vurderer at dette er eit innspel som kan leggest inn i det kommande evalueringsarbeidet.

Den kulturelle spaserstokken er skildra i «kultur bygger samfunn» - regional plan for kultur 2023 – 2035 under avsnitt 5.7. Målrretta kulturtilbod for barn, unge og eldre.

Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet vedtok i møte 07.09.2023 i PS 36/23 «Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - om innkomne søknadar 2023» følgjande uttale:

«Fylkeseldrerådet i Vestland er glad for at tilskotet til DKSS er auka til kr. 4.245.000,-. Vi registrerer samstundes at den totale søknadssummen i Vestland fylkeskommune er kr. 6.642.990,-. For å kunne støtte alle gode søknader er det då ein manko på ca. 2.200.000,-.

Fylkeseldrerådet meiner at ei eventuelle evaluering av ordninga også bør innebere at ein vurderer å auke tilskotet til DKSS ordninga.

Fylkeseldrerådet registrerer at det er gjort eit særst godt arbeid med å informere kommunane om DKSS ordninga, og på den måten fått tilbake meir korrekte søknader.

Fylkeseldrerådet registrerer at Hovudutvalet for kultur og folkehelse har vedtatt at DKSS ordninga skal evaluerast og sette i gang eit arbeid med å vidareutvikle ordninga med DKSS som eit viktig verktøy i eldrepolitikken i Vestland.

Det kjem fram at ein del søker om tilskot til aktivitetar som ikkje vert dekkja under DKSS ordninga. Det kan vere viktig å registrere kva aktivitetar dette er. Det må vurderast om det finns tilskot eller om vi må vurdere tiltak for å kunne støtte gode tiltak.

Det kjem også fram at transport for eldre vert sett på som eit problem i kommunane i høve til at eldre skal kunne delta i aktivitetar i kommunen. Rådet vil følgje opp denne saka og har registrert at ved utlysing av nye buskonsesjonar er det teke omsyn til t.d. utviding i serviceskyssen til heile Vestland og bestillingsskyss ordningar.

Fylkeseldrerådet registrerer at nokre kommunar i hovudsak nyttar tildelte midlar til bebuarar på institusjonar. Vi meiner at det er viktig at også dei eldre som er heimebuande kan nå tak i tilbod. God samhandling med frivillige organisasjonar kan vere viktig for å kunne nå denne gruppa.

Fylkeseldrerådet vil be om at Vestland fylkeskommune ser på ordningar som kan stimulere til samarbeid på regionalt nivå, der det vert høve til å gje DKSS tilskot til arrangørar av tilstellingar med deltakarar på tvers av kommune grensar.

Det er fint at Bu trygt heime og Aldersvenlege lokalsamfunn er med når tiltak skal vurderast. Regional plan for kultur og Regional planstrategi må også nyttast ved vurdering av tiltak.

Fylkeseldrerådet er også oppteken av at Meld. St. 15 «Folkehelsemeldinga» vert lagt til grunn. Her er det m.a. ein nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar.»

Gjeldande kriterium for tildeling, vedtekne i KULII 3. april 2020

Kriterium

Kvantitative (80 prosent):

- tal på innbyggjarar over 67 år i kommunen (vekting 60 prosent)
- del av befolkninga som er over 67 år (vekting 10 prosent)
- areal (vekting 10 prosent)

Kvalitative (20 prosent):

- tiltak/programinnhald
- nyskaping
- samarbeid
- gjennomføringsevne
- tilbod til mange

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Medverknad

Fylkeseldrerådet vedtok i møte 07.09.2023 i PS 36/23 «Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - om innkomne søknadar 2023» uttale.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

Kommunane har ansvaret for Den kulturelle spaserstokken og må ta nødvendige klima -og miljøomsyn.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp om mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Kultur byggjer samfunn - Regional plan for kultur i Vestland 2024-2035.

Konklusjon

41 av dei 43 kommunane i Vestland har søkt om tilskot frå Den kulturelle spaserstokken. Søknadene er vurderte med bakgrunn i vedtekne kriterium, og 4 245 000 kroner er fordelte på 41 kommunar.